

SPRÅKMELDINGA

I Stortingsmelding nr. 35, *Mål og mening*, står det mykje om språk i staten. Mellom anna står det at forvaltnings-språket skal vere korrekt og ordentleg, men det skal òg vere forståeleg. Det offentlege har eit særleg ansvar for å stå fram som eit godt føredøme når det gjeld språkbruk.

I meldinga heiter det òg at mykje godt språkarbeid blir gjort, men at mykje kan og må bli betre: «Arbeidet for eit korrekt og eit enklare og meir forståeleg språk i offentleg forvaltning må difor halda fram, helst på ein meir målretta og planfast måte enn til no. Berre slik kan vi ha von om å fjerna så mykje som råd av alt ukrut som det framleis finst rikeleg av i det offentlege språket.»

Språktenesta har fått eit særleg ansvar for å drive klår-språkarbeid i staten.

Heile stortingsmeldinga finn du [her](#).

FOR MÅLTROSTAR

Midlar og middel

Sjå på desse to bokmålssetningane:
Prosjektet fikk nye midler.
Pasienten fikk legemidler.

Ikkje alle veit at det skjuler seg to ulike ord attom *midler* i dei to setningane. Det ser vi tydelegare på nynorsk:
Prosjektet fekk nye midlar.
Pasienten fekk legemiddel.

Når vi skriv nynorsk, skil vi altså mellom *ein midel* og *eit middel*. I ordbøkene blir *midel* definert som '(ei) eige, formue, kapital, pengar', medan *middel* blir definert som 'hjelperåd, metode, reiskap'. I nynorsk skal orda bøyast slik:
ein midel – midelen – midlar – midlane
eit middel – mid(de)let – middel – midla

FOR BOKFINKER

Anselig forskjell

Tre ord som ofte blandes sammen, er *anselig*, *uanselig* og *unnselig*. Husk at ingen av dem skal skrives med mer enn én e!

Anselig betyr 'betydelig', 'temmelig stor': et anselig beløp.

Uanselig betyr det motsatte av *anselig*, nemlig 'ubetydelig', 'lite iøynefallende': en uanselig, liten skikkelse.

Unnselig skrives med én u og betyr 'sjenert' eller 'beskjeden'. En unnselig person kan sikkert føle seg nokså uanselig, men pass likevel på at du ikke forveksler *unnselig* med *uanselig*.

SPRÅKSPØRSMÅL

Spørsmål: Skal navn på domstoler skrives med stor eller liten forbokstav?

Svar: Navn på domstoler i første og annen instans skal ha liten forbokstav, også i bestemt form. Det heter tingrett(en) og lagmannsrett(en), ikke Tingrett(en) og Lagmannsrett(en). Vi har jo flere av dem. Også i sammensetninger skal tingretten og lagmannsretten ha liten forbokstav, selv om det er snakk om en konkret domstol: Dalane tingrett, Salten tingrett, Gulating lagmannsrett. Merk at Høyesterett, som vi bare har én av, skal skrives med stor forbokstav.



SPRÅKEGGET

Eggene i denne spalten er verpet av skribenter i stat og presse. Dette egget ligger på en statlig nettside:

«En hest er syk. Den er nylig importert fra Danmark. Hesten har vært i kontakt med andre hester på transporten. Disse er blitt informert.»

Ja, de mistet vel både munn og mule ...

Send oss gjerne flere egg!

«Det er ikkje Guds ord alt som står på trykk.»

Norsk ordtak

SPRÅKKONSULENTER

Trenger din etat hjelp av en språkkonsulent? Språktjenesten har arrangert kompetanseprøver for språkkonsulenter i bokmål og nynorsk og formidler gjerne listen over de språkkonsulentene som har bestått prøvene. Prøvene er spesielt tilpasset språket i staten, og de som har bestått, er svært gode korrekturlesere og språkvaskere.

Gi oss beskjed på stat@sprakradet.no hvis du vil at vi skal sende deg listen. Vi formidler ikke oppdrag.

KONTAKTINFORMASJON

Språktenesta for statsorgan er ein del av Språkrådet. Vi skal yte språkhjelp med to mål for auga:

- Språket i staten skal bli betre og klårare.
- Fordelinga mellom nynorsk og bokmål skal bli jamnare.

Meir informasjon om språktenesta finn du [her](#). Statstilsette kan sende språkspørsmål til stat@sprakradet.no.

Tidlegare utgåver av Språktips